

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/8148-3

Etablering av «Nynorskhus» i Sogn og Fjordane - søknad om auka driftsstønning frå Sogn og Fjordane teater

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane teater deltek i vidare plan- og utgreiingsarbeid for å realisere eit «Nynorskhus» i Førde.
2. Fylkestinget har ikkje innvendingar til at Sogn og Fjordane teater inngår intensjonsavtale om leige i det framtidige «Nynorskhuset», jf. føreliggjande søknad frå teateret. Fylkestinget føreset at også Førde kommune, som medeigar i teateret, sluttar seg til dette.
3. Fylkestinget legg vidare til grunn at også staten, når så langt kjem, tek del i den endelege driftsfinansieringa av teateret, jf. gjeldande fordelingsnøkkel.
4. Fylkestinget legg til grunn at ein kjem tilbake til den delen av søknaden som gjeld utvida turneaktivitet ved teateret.
5. Fylkesutvalet får fullmakt til å ta nærare stilling til fylkeskommunen si rolle i det vidare arbeidet med å realisere «Nynorskhus» i Førde.

Vedlegg:

Søknad frå Sogn og Fjordane teater av 25.09.18

Andre relevante dokument i saka:

Notat til FU 23.01.18 (FU-sak 8/18, pkt 7)

Notat til FU 02.11.18 (FU-sak 118/18, pkt 1a og 1b)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen viser til vedlagde søknad frå Sogn og Fjordane teater av 25.09.18 om auka driftsstilskot frå 2022. Auken er knytt til følgjande:

- Nye lokale i «Nynorskhuset», ev. utvida lokale for teateret i Førdehuset
- Utvida turneaktivitet (dekke heile Vestland fylkeskommune).

Sogn og Fjordane teater er organisert som eit AS. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80% og Førde kommune 20% av aksjane. Teateret er finansiert som ein region-/landsdelsinstitusjon av staten (post 71), fylkeskommunen og kommunen, etter ein fastsett %-fordeling. Staten sin del er 70%, fylkeskommune/kommune 30% (fylkeskommune 22,5% og Førde kommune 7,5%).

Sogn og Fjordane teater er gjennom sine vedtekter eit turneteater for heile fylket. Dei har base med teatersal, scene, verkstader og kontor i Førdehuset. Teateret har leigekontrakt der som går fram til 2023. Teateret melder om behov for større areal for å kunne utvikle seg vidare, jf. vedlagde søknad.

Sogn og Fjordane teater har ei tid vore i drøftingar med avisa Firda og NRK Sogn og Fjordane om å gå inn som leigetakar i eit «Nynorskhus» i Førde. Fylkesordførar/ fylkesrådmann og ordførar/rådmann i Førde har vore orientert undervegs i arbeidet, og i nokre tilfelle delteke som observatør på drøftingsmøte mellom dei tre hovudaktørane. Prosjektet «Nynorskhus i Førde» vart også presentert på politikardagen 30.mai 2018. I tillegg er prosjektet presentert for og drøfta med kulturministeren ved to høve. Prosjektet vart også presentert på språkkonferansen i Førde torsdag 1.november 2018. Tilbakemeldingane har vore positive.

Det er lagt opp til å avklare hovudinteressentane i eit framtidig «Nynorskhus» i Førde i løpet av hausten 2018. Det vert no arbeid med areal- og funksjonsplaner, samstundes som prosjektet «Nynorskhuset» utviklar intensjonsavtaler med hovudaktørane. Det er Sogn og Fjordane teater som er aktøren i dette tilfelle. Fylkeskommunen sitt ansvar som eigar, regional kulturstyresmakt og tilskotsytar vil vere å sikre det økonomiske grunnlaget for at teateret ev kan inngå intensjonsavtale.

2. Vurderingar og konsekvensar

Språk, identitet og kulturpolitikk

Ideen om eit «Nynorskhus» har oppstått i ein prosess der både avisa Firda og NRK Sogn og Fjordane har vurdert nye og meir tilpassa lokale for eigen aktivitet. Begge ønskjer seg inn i leigebygg. Eit ønskje om at dette ikkje berre skulle vere eit nynorsk mediehus, men eit nynorsk kulturhus, førte til at Sogn og Fjordane teater vart invitert inn i prosessen.

Visjonen for Nynorskhuset er at det

«skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur. Sogn og Fjordane og Hordaland er det nynorske grunnfjellet. Ved samlokalisering av ei rekkje kultur- og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitring av det nynorske språket».

I søknaden vert det peika på at «Nynorskhuset» vil kunne bli ei av dei største nynorskkyngene i landet ved at ein samlar NRK, NRK Nynorsk Mediesenter, Firda, Nynorsk avissenter m.fl. saman med Sogn og Fjordane teater i eit kombinert medie- og teaterhus i Førde. Samla sett utgjer dette over 100 etablerte arbeidsplassar med nynorsk språk som sitt felles overbygg.

Teateret har vore tydelege på at dei er avhengige av eigarane si støtte, ikkje minst i høve økonomien, om dei skal inn i nye lokale. Fylkesrådmannen si tilnærming er at Sogn og Fjordane teater også i framtida skal vere eit sjølvstendig, produserande og turnerande teater. Kulturpolitisk legg vi til grunn at det skal visast scenekunst av høg kunstnarleg kvalitet i heile det nye fylket. Som eigar må fylkeskommunen ut frå dette bidra til at rammevilkår og arbeidstilhøve vert lagt til rette for vidare drift og utvikling for teateret.

I rolla som regional kulturstyresmakt og regional samfunnsutviklar meiner fylkesrådmannen at ideen om eit «Nynorskhus» er spennande. Realiseringa av «Nynorskhuset» er også eit strategisk grep som har ei viktig språkpolitisk grunngeving; det at vi som er det nynorske grunnfjellet tek eit tydeleg og synleg ansvar for det nynorske språket. Ideen er at huset skal vere eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur. I realiseringa av «Nynorskhuset» som klyngesatsing må det og ligge rom for vekst og utvikling slik at tilgrensande bedrifter og aktivitetar kan slutte seg til.

Fylkesrådmannen meiner ei meir tydeleg og offensiv satsing på eit nynorskhus òg vil styrke den rolla særleg NRK Sogn og Fjordane har hatt i ei årrekkje. NRK Sogn og Fjordane har truleg vore ein av dei viktigaste identitetsskaparane av nettopp Sogn og Fjordane som merkevare. Dette argumentet vil likevel vere gyldig uavhengig om teateret blir ein del av «Nynorskhuset». Det er uttalt frå NRK-leiinga at dei i si sluttvurdering vil legge vekt på å kunne bli del av eit variert og mangfaldig miljø der ein også kan skape meirverdi av ei samlokalisering. Også Firda legg i si vurdering vekt på at ein gjennom satsinga på eit «Nynorskhus» skapar noko som gir meirverdi

utover det den enkelte aktør kan oppnå. Teateret vektlegg verdien av språket og nynorsk som ein særleg viktig identitetsmarkør for å bygge fellesskap i det nye fylket. For å vere i stand til å nå målet, peikar dei på tre faktorar som er avgjerande for å lukkast: tilstrekkeleg og funksjonelt areal, kvalifisert arbeidskraft og midlar til vekst.

Nye/utvida lokale for Sogn og Fjordane teater – etablering av «Nynorskhus» i Førde.

Som eigar tek vi ansvar for at teateret har lokale som gir gode arbeidstilhøve og rom for utvikling av aktiviteten. Dagens lokale i Førdehuset er frå midt på 90-talet. Lokala har mange kvalitetar, men dei avgrensar likevel teateret sine utviklingsmoglegheiter. Teateret melder om for liten plass, og delvis ueigna lokale (m.a. utforminga av teatersalen), jf. vedlegg.

Sogn og Fjordane teater peikar på at eit nytt hus vil gje utviklingsmoglegheiter dei i dag ikkje har, og gjere dei betre rusta til å utvikle eit sterkt turneteater. «Nynorskhuset» vil kunne få fleire til å oppsøkje teateret, og den nye nynorsklynga som huset vil utgjere, vil kunne bli ein spennande og attraktiv arbeidsplass.

Fylkesrådmannen ser at det ligg føre behov som må løysast dei næraste åra. Eit eige «Nynorskhus» basert på regionale (og lokale) media- og kulturaktørar er spennande og innovativt; ei nyskaping i landet. Også den andre eigaren, Førde kommune, må sjå på dette som den føretrekte løysinga.

Dersom planane om eit «Nynorskhus» i Førde, som også husar Sogn og Fjordane teater, av ulike grunnar ikkje let seg realisere, må utviding av lokala i Førdehuset vurderast, noko fylkesrådmannen reknar med at Førde kommune i rolla som huseigar vil gjere.

Utvida turneaktivitet for Sogn og Fjordane teater?

I samband med fylkessamanslåinga har Sogn og Fjordane teater ein visjon om å kunne utvikle seg som turneteater for heile det nye fylket. Denne visjonen må vi sjå opp mot Hordaland teater, som nyleg har flytta inn i «Logen» i Bergen sentrum. Dei har også turne som del av sitt oppdrag, men har så langt ein meir avgrensa turneaktivitet.

Ut frå den erfaring Sogn og Fjordane teater har som turneteater, er det ikkje unaturleg at dei kan ta ei rolle som turneorganisasjon, og at dette kan utviklast som eit samarbeid mellom dei to teatra. Det er likevel fylkesrådmannen si vurdering at samhandling og arbeidsdeling mellom Sogn og Fjordane og Hordaland teater må drøftast vidare; både mellom styra, dagleg leiing og hos eigarane før det vert konkludert på dette punktet.

Økonomiske konsekvensar:

Så langt er det lagt fram ein del førebelse tal knytt til kostnadane med å leige i nytt bygg. Fylkesrådmannen ser på desse tala meir som ein illustrasjon enn som endeleg tal. For Sogn og Fjordane teater sin del, er dei økonomiske konsekvensane to-delte;

- Auka driftskostnader i utvida/nye lokale
- Auke kostnader ved utvida turneaktivitet.

Auka kostnader til utvida turneaktivitet er avhengig av at teateret får utvida/nye lokale, medan tilgang til utvida/nye lokale utløyser i seg sjølv ikkje auka kostnader til turneaktivitet.

Drifta av Sogn og Fjordane teater er bygt på reglane for region-/landsdelsinstitusjonar der staten er inne med 70% av det offentlege tilskotet. Gitt at den årlege meirkostnaden på driftssida er 6 mill. kr i nytt bygg (jf. opplysningar i vedlagte søknad, bygt på erfaringstal), og vi legg til grunn den faste fordelingsnøkkelen, må dette løysast med 4,2 mill. kr i auka statstilskot, 1,35 mill. kr meir frå fylkeskommunen og 0,45 mill. kr meir frå Førde/Sunnfjord kommune. Meirkostnaden med utvida turneaktivitet er anslått til 12 mill. kr pr. år. Om vi fordeler denne på same måten, utgjør det 8,4 mill. kr for staten, 2,7 mill. kr for fylkeskommunen og 0,9 mill. kr for kommunen.

Det er ikkje mogleg å få avklaring med staten om dei vil bidra med auka tilskot til Sogn og Fjordane teater frå 2022 basert på Sogn og Fjordane sine behov for utvida/nye lokale, og utvida turneaktivitet. Det betyr at eigarane må ta stilling til søknaden utan å vite kva staten vil bidra

med. Vi må likevel tru at staten, også i åra framover, vil vere med å utvikle kulturlivet i heile landet, og såleis bidra til å løyse dei behov ulike institusjonar har. Tett kontakt med og informasjon til Kulturdepartementet/Stortinget vil vere viktig i ein slik prosess.

Vi må også ha med oss at finansieringa av denne typen institusjonar i Hagenutvalet sitt forslag er foreslått overført til dei nye fylkeskommunane. Om dette vert ein realitet, vert ikkje avklara før kulturmeldinga kjem og er handsama i Stortinget.

Vi må såleis ta avgjerd i ein periode med mange endringar og stor usikkerheit. Vår rolle er å sikre at kulturlivet i fylket kan ta del i utvikling og vekst på linje med andre stader i landet.

Langsiktig satsing - eige/leige

Etableringa av eit «Nynorskhus» i Førde må sjåast på som ei langsiktig strategisk satsing. Det er ikkje avgjort korleis ein ev prosjektorganisasjon for å realisere bygget skal riggast. Dette er eit av dei første spørsmåla som må konkretiserast når det er avklart kven som inngår intensjonsavtale. I det perspektivet vil fylkesrådmannen peike på at leigenivået i eit heilt nytt hus gjer at det også er aktuelt å vurdere om fylkeskommunen, saman med Førde kommune, anten kjøper ein seksjon i bygget og stiller denne til disposisjon for teateret, eller tek over heile prosessen med å realisere «Nynorskhuset», og stå som utleigar. Dette er tilhøve fylkesrådmannen meiner bør vurderast i den vidare prosessen der kostnader med eige/leige vert sett i eit langsiktig perspektiv.

Tilhøve til Lov om offentlege anskaffingar.

Fylkesrådmannen vil her peike på regelverket for offentlege anskaffingar. Forskrift om offentlege anskaffingar gjeld ikkje berre for statlege og (fylkes)kommunale myndigheiter, men også for «offentlegrettslege organ» som Sogn og Fjordane Teater. For NRK og Firda sin del vil avtaler om lokale i «Nynorskhuset» truleg bli rekna som leigeavtalar som er unnatekne frå regelverket om offentlege anskaffingar. Dei treng difor ikkje følgje krava i regelverket om konkurranse, utlysing, osv. For teateret sin del, gjeld at krav om teatersal og andre spesialrom/løysingar gjer at dette fort kan bli eit spørsmål om ein bygge- og anleggskontrakt, som må gjennomførast i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar. Detaljane kring dette, gitt ulike realiseringsmåtar, må avklarast før prosessen går vidare.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøftingane over, og er positiv til at Sogn og Fjordane teater går vidare i drøftingar om å bli leigetakar i eit framtidig «Nynorskhus» i Førde. Fylkesrådmannen er innforstått med at teateret inngår intensjonsavtale om dette. Fylkesrådmannen legg til grunn at også Førde kommune som eigar støttar denne satsinga.

Fylkeskommunen si rolle i dette prosjektet må avklarast nærare med tanke på ev. å kjøpe ein seksjon i bygget, ev om vi bør ta over og stå som byggherre og utleigar til interessentane.

Fylkesrådmannen ser positivt på visjonen til Sogn og Fjordane teater om å bi eit turneteater for heile Vestland fylke. Det må likevel arbeidast vidare med dette i eit samarbeid mellom dei to teatra og eigarane.